



ÅRSMELDING 2022

FJOTLAND SOKN



Innholdsfortegnelse:

- A. INNLEDNING v/leiar**
- B. MENIGHETENS FRIVILLIGE OG ANSATTE**
- C. DE ULIKE ARBEIDSGREINENE**
- D. TROSOPPLÆRING**
- E. VOKSENARBEID**
- F. DIAKONI/MISJON**
- G. KIRKEMUSIKK**
- H. ØKONOMI**
- I. INFORMASJONSARBEID**



A. Årsmelding for Fjotland Sokneråd 2022

Året 2022 var i starten ennå prega av koronapandemien og med det blei aktiviteten i kyrkja ikkje tilbake til det «normale» før februar månad. Me er nå glade for at me kan planlegga alle aktivitetar utan å tenka «begrensingar».

I årsmeldingane dei siste åra har arbeid med gudstenestene hatt hovudfokus. Me kan igjen planlegga alle desse som normalt. Og fint er det å kunna melda om flott 17.mai- feiring i kyrkja og konfirmantfest og- gudsteneste er blitt feira som før. Det er me takksame for. Gudstenesten julafta må òg nemnast for det flott julespelet som Andrea N Røynestad tok ansvar for å få til. Ho hadde med seg gode hjelparar og det blei eit flott innslag.

Me har òg kome i gong med aktivitetar for born under gudstenestene. Lovise Egeland Versland gjer ein god jobb både med borna. Me vil òg trekkja fram arbeidet Lovise gjer med å skriva «minnebok» for mange av gudstenestene. Denne boka er fin å sjå i med både tekst og bilde.

Av aktivitetar som skjer utanom gudstenesta kan nemnast kveldsbøn (leia av Per Øistein). Desse kveldsstundene har me halde gjennom heile året. I tillegg har det blitt halde andakt på Fjotland omsorgssenter kvar veke utanom sommarferien.

24.februar 2022 blei ein dato heile verda blei prega av. Russland gjekk til krig mot Ukraina og me opplevde at landet vårt fekk mange flyktningar frå Ukraina. Også Kvinesdal mottok menneske i alle aldrar som flykta frå landet sitt. Dei tre kyrkjelydane i bygda kom raskt saman for å planlegga korleis me saman kunne hjelpe til i den vanskelege situasjonen desse menneska var komen i. Frå Fjotland var me med å hjelpa til med samlingar som blei arrangert for flyktningane.

2022 har vore eit år med meir samarbeid mellom dei tre kyrkjelydane. Forutan arbeidet for flyktningane som er nemnt, arrangerte me «Påskevandring» palmesundag. Denne må seiast å vera veldig vellukka, og det var fleire frå øvre del av bygda som deltok. I tillegg var me med under jubileumsgudstenesta i Kvinesdal 1. pinsedag. Begge desse arrangementa var ein del av programmet for å feira tusenårsjubileet i Kvinesdal. Dei gode opplevingane med å gjera ting saman har ført til ønske om meir samarbeid.

Noko av det beste å sjå tilbake på når ein skal skriva ei årsmelding er all glede og positivet ein blir møtt av når ein spør om hjelp til ulike oppgåver. Kyrkjevertar, klokkarar, forsongarar og ikkje minst borna/ungdommane våre som er positive når dei blir spurt om ulike oppgåver (tekstlesing, song, forbønn...).

Dette året bestemte Ådne Svalastog seg for å returnera til Oslo, og me stod igjen utan organist. Heile denne perioden frå Ådne slutta er det blitt sett inn vikarar. Me må seia at me er heldige som har fleire aktuelle som kan vera organist og dei har gjort ein god jobb. Det blei lyst ut etter ny organist, men det lukkast ikkje å tilsette nokon. Me håper dette vil løysa seg etter kvart.

Me vil i denne årsmeldinga takka alle som bidreg både frivillige og tilsette. Me er takknemlege for alt arbeid som blir gjort for kyrkjelyden vår. Og sist, men ikkje minst vil me takka kvar enkelt som finn vegen til kyrkja!

For Fjotland Sokneråd

Marit Homme

B. FRIVILLIGE OG ANSATTE MEDARBEIDARE

SOKNERÅDET

Marit Homme, Espen Rogstad, Birgitte Kvinlaug, Lovise Jeanette Versland Egeland, Sissel Eftestøl Harbakk Siv Anita Kvinlaug Narvestad, Heidi Lindefjell, og Dag Kvarstein.

GUDSTJENESTEUTVAL

Judith Kvelland Rogstad, May Britt Helle, Heidi Lindefjell, Lovise Versland, Dag Kvarstein og Ådne Svalastog frem til september 2022.

SOKNERÅDETS REPRESENTANTAR I FELLESRÅDET:

Marit Homme, Birgitte Kvinlaug vara: Siv Anita Kvinlaug Narvestad, Sissel Eftestøl Harbakk,

KYRKJELYDENS KONTAKTPERSON FOR KIRKENS NØDHJELP

Marit Homme

FRIVILLIGE KLOKKARE:

Odd Stakkeland, Espen Rogstad, Per Øistein Rogstad og Marit Homme.

MENIGHETSBLADET TREKLING

Per Øistein Rogstad (redaktør) Torhild Meland, Åse P. Skiftun og Dag Kvarstein

ANSATTE KIRKEKONTORET:

Sokneprest i Kvinesdal: Gunn Hanne Elvebakk

Sokneprest i Feda og Fjotland: Dag Arnulf Kvarstein

Diakonimedarbeider: Frank Arne Hammerø

Trosopplærer: Cathrine Rafoss Aagedal

Organist: Ilze Junzeme/vikarar

Organist: Ådne Svalastog frem til september

Kirkeverge: Per Øistein Rogstad

Konsulent: Turid Netland frem til 15 oktober 2022

Konsulent: Tom John Versland fra 15. oktober

Konsulent: Sylvi Vatland

Kirkegårdsarbeidere: Djoerd Van Kammen, Tor Henning Vatland og

Tobias Ueland Håland

Kyrkjetenar i Fjotland: Tom John Versland

Kyrkjetenar/kyrkjevert i Netlandsnes/Knaben: Tom Arnold Lindefjell, Tor Alsvik, Jenny Alsvik Olaug Eftestøl har vore frivillige hjelparar

C. DE ULIKE ARBEIDSGREINER

GUDSTENESTENE

År	2018	2019	2020	2021	2022
Antal gudstenester	33	34	30	29	33
Gj.snitt gudstenestebesøk	53	61	40	37	50
Gj.snitt nattverdsgjestar	32	31	29	27	27
Samla offergåver	85350	100791	103832	70725	90857
Dåp	7	5	8	6	7
Konfirmerte	0	6	8	9	6
Vigslar	2	3	0	1	3
Gravferd	8	11	2	11	6

GUDSTENESTENE

Gudstenesta er kyrkjelydens hovudsamling. Det er difor stadig vårt mål å få fleire med på gudstenestene. Like viktig er involvering og medverknad av frivillige i gudstenestene. Dette skapar over tid ei tilhørigheit til kyrkja og kyrkjelyden. Mellom anna har vi hatt fokus på involvering av barn og unge i gudstenestene og at det skal være tilbod om sundagsskole på ein del 11-gudstenestene – når det ikkje er familiegudsteneste. Det er gledeleg at det kjem folk i alle aldrar til gudstenestene i Fjotland. Det lovar godt for framtida!

Ser ein på deltakinga ved gudstenester dei siste fem åra, var det naturleg nok ein sterk nedgang gjennom pandemiåra 2020-2021 og litt utover i 2022. Eit gjennomsnitt på 50 deltakarar i 2022 ein liten nedgang samanlikna med 2018, men nedgangen er relativt stor sett i høve til 2019. Vi har tru på at oppslutninga vil gå opp i inneverande år.

GUDSTENESTEUTVAL

Gudstenesteutvalet har hatt 4 møter.

SOKNERÅDSMØTER.

Fjotland sokneråd har hatt 6 møter og behandla 20 saker.

D.TRUSOPPLÆRING/UNDERVISNING

SKULE/BARNEHAGE GUDSTENESTER

Det var påskevandring med besøk av 1. og 2. klasse i kyrkja.

Det var og halde bibelkurs for 5. kl på skulen.

Før jul var det skulegudsteneste i Fjotland kyrkje.

FAMILIEGUDSTENESTER

Det har vore familiegudstenester i Fjotland kyrkje med utdeling til 3, 4 og 6 åringar dette året. Det har vore stort sett godt oppmøte på alle desse utdelingane.

JULEVANDRING

Kyrkjelydane i Kvinesdal inviterer alle barnehagane i kommunen til å delta på julevandring. Julevandringa er i kyrkjerommet. Det er eit slags skodespel, der ingen er tilskodarar, alle har roller. Vi vandrar saman med Keisar Augustus og dei tre vise menn. Etter kvart kjem englar og hyrdar med i vandringa – og rett før Betlehem møter vi Maria og Josef. Det er barna som har dei fleste rollene – og alle får fine kostymer på. Barna lærer om julas budskap gjennom oppleving og aktiv deltaking.

Fjotland barnehage var med på julevandring.

BABYSANG

Babysong er eit breiddetiltak for Feda/Kvinesdal/Fjotland.

Babysong er på menighetssenteret i Kvinesdal. Opplegget er enkelt der vi har ei lita sangstund først og etterpå et vi lunsj saman. Det er kvar tysdag kl. 11.00. I løpet av året er det innom ca. 40 babyar med mødre/fedre.

Nokre frå Fjotland kyrkjelyd har vore med på babysong.

LYS VAKEN

Det blei ikkje arrangert lysvaken, men det blei arrangert ein aktivitetsdag med gudstenesteverkstad, leiker og sosialt. Dei som var med på denne aktivitetsdagen laurdag, deltok også på familiegudsteneste søndag.

TÅRNAGENTAR

Det blei ikkje tårnagenthelg i Fjotland dette året. Tårnagenthelg blir arrangert anna kvart år.

HEILT PÅ JORDET FESTIVALEN

Kvart år i juni blir Heilt på jordet festivalen arrangert – en kristen familiefestival. Festivalen har eigen komité som arbeider med festivalen. Dette året blei Heilt på jordet festivalen arrangert saman med feiringa av Kvinesdal 1000år som kirkested. Laurdag 4. juni ble det invitert til korseminar der vi hadde besøk av korinstruktør Ragnhild Hiis Ånestad og ein gjeng med ungdommar frå Oslo Soul Teens. Her blei lokale barn invitert til å delta. Det var ca. 50 barn med i koret, nokre frå Fjotland. Ragnhild øvde saman med koret og eit lokalt band, leda av organist Ådne Svalastog, laurdag formiddag. Etter øvelsen var det konsert der mange hadde funnet vegen til Kvinesdal bedehus. Resten av ettermiddagen var det «Heilt på jordet»-aktivitetar på området utenfor bedehuset.

På kvelden blei det arrangert ungdomsmøte, der Oslo Soul Teens sang og Marianne Fredbo fortalte si sterke historie. Kvelden blei leda av Håkon Broadhurst og Frank Hammerø.

Søndag var deler av koret frå lørdagen med på gudsteneste i Kvinesdal kyrkje.

KONFIRMANTARBEID -Konfirmantkullet 2021-2022 i Fjotland

Konfirmantundervisninga følger tilnærma same opplegg i alle tre kyrkjelyder i Kvinesdal. Vi legg vekt på å formidle bibelforteljingar og gje konfirmantane høve til truspraksis gjennom avslutning i kyrka. Slik håpar vi at konfirmanttida skal bli starten på, eller fortsettinga av den enkelte ungdommen si trushistorie. Det at konfirmantane også deltek som medhjelparar (ministrantar) i gudstenestene, er også verdifullt for å oppnå dette målet. I tillegg er det eit mål i seg sjølv at dei får ein positiv relasjon til kyrkja.

Gjennom konfirmantåret er det også arrangert fleire felles samlingar for alle konfirmantane i Kvinesdal kommune. Dei har handla om kropp og seksualitet, om døden og det kristne håpet og om diakoni.

6 konfirmantar fullførte høsten 2022 si konfirmanttid i Fjotland. Oppstart var i november 2021. Oppmøtet på undervisninga i Kyrkjestova og fellessamlingane i Kvinesdal, var god gjennom heile året, men unntak av eit par rundar med korona. Fordi det framleis var korona-restriksjonar vinteren 2022, måtte heimegruppesamlingane gå ut. Dessverre deltok ikkje nokon av Fjotland-konfirmantane på KRIKs store sommarleir i Bø. Samtalegudstjenesta blei gjennomført med dramatisering og god involvering av konfirmantane 22. mai, og med hyggeleg festsamver etterpå. Fjerde september var den store konfirmasjonsdagen med nesten full kyrkje, vel 140 deltakarar.

E. UNGDOM/VOKSENARBEID

KRIK

KRIK Kvinlog pleier å samles annenkvar fredag kl. 20.00 i gymsalen på Kvinlog. Kalender med planlagde samlingar finnes på www.kvinlogbedehus.no, og på facebooksidea. Samlingane er for ungdomsskolen og oppover og pleier å være mellom 10 og 20 stk. Vi har masse moro med oppfinnsame stafettar, konkurransar og ballspel. Eit avbrekk med andakt er også med. Etterpå er det pølser å få på bedehuset og litt sosialt for dei som vil det. Vi avsluttar med ein konkurranse «kveldens utfordring» som varierer i innhold og både til jul og vår kåres en vinner gjennom året som gjeikk.

F. DIAKONI OG MISJON

MISJONSPROSJEKT

Prosjektet STAR OF HOPE har Fjotland hatt som sitt misjonsprosjekt frå oktober 2020. Det ble samla inn kr 12.950 til det prosjektet år 2022. Misjonskontakt er Birgitte Kvinlaug.

Meir informasjon finnes på www.starofhope.no

VI ER EN STOR FAMILIE SOM SAMMEN GIR 30 000 BARN I 12 LAND EN GOD START I LIVET.



DIAKONI

Fjotland sokn har ikkje eige diakoniutval, men soknerådet fungerer som lokal utval.

Følgande diakonale tiltak er i verk i Fjotland kyrkjelyd:

- Det skal vere kyrkjevertar og kyrkjekaffi på dei fleste søndagsgudstenesta.
- Diakonen er medlem i komiteen for TV-aksjonen, og er ansvarleg for gjennomføring av KN-aksjonen.
- Diakonen i samarbeid med prestane og frivillige gjennomførte i 2022 8 heimebesøk i Fjotland sokn. Totalt 81 i heile kommunen.
- Beredskap for open kyrkje ved ulykker og tragiske dødsfall.
- Tro og Lys er ei økumenisk gruppe for menneske med psykisk utviklingshemming. Fjotland er med i gruppa for Flekkefjord, Kvinesdal og Sirdal. Det har vore 9 samlingar totalt i 2022. Ein på Feda, ei samling på Tonstad og elles har dei andre vore i Flekkefjord. Alle møtest først til samlingsstund med song og leik. Deretter blir det servert noko å ete, og så avsluttar me med ei gudsteneste. Diakonen er elles leiar for styringsgruppa for Tro og Lys som har fire samlingar i året.
- Diakonen er med i rusbehandlingsprogrammet «12 trinn» i Lister.
- Flekkefjord og Kvinesdal Frivilligsentral i samarbeid med kommunane og diakonane i Kvinesdal og Flekkefjord starta i 2022 opp sorggrupper for innbyggjarar som har mista nokon.
- Andakter på Fjotlandsheimen.
- I 2021 la me minnegudsteneste til allehelgensdag, slik skikken er mange andre stader i landet. I 2022 hadde me 17 deltakarar på denne gudstenesta.
- Diakoniens dag ein søndag i februar eller mars med spesielt fokus på diakoni.

G. KYRKJEMUSIKK/KONSERTER

Forsangerkoret har delteke på fleire gudstenester.

Konsert i Netlandsnes kapell er òg blitt eit fast innslag som mange kjem for å vera med på år etter år, Me syng jula inn ble gjennomført med fleire lokale aktørar.

H. ØKONOMI

REGNSKAP

Disposisjonsfond Fjotland sokn	2022	2021	2020
Disposisjonsfond pr. 31.12.	37.855	25.608	684
Søndagskole	6.162	6.162	7.500
Overskot		12.247	24.924
Underskot	1.444		

Rekneskapen hadde eit meirforbruk/underskot for soknerådet for 2022 på kr 1.444.

Ofringar og gåver (tall for 2021 og 2020 i parentes)

Kyrkjeofringar til kyrkjelydsarbeidet	kr 19.025	(27.428, 24.339)
Kyrkjeofringar til andre	kr 71.833	(43.247, 79.493)

LIKESTILLING

Samansetninga av soknerådet er et resultat av kyrkjevalet i 2019. I oppsett av valliste var det et mål å få ein kjønnsbalanse 60/40. Det har ikkje vært begrensingar når det gjelder tilgang til egne aktivitetar, verv, styrande organer eller segregerande aktivitetar.

I. INFORMASJON

Nettside og sosiale medier

Treklang, nettstaden www.kvinesdal.kirken.no og aktivitet på sosiale medier, er kyrkjelydens viktigaste informasjonskanalar. Alle kyrkjelydane har nå egne facebooksider. Tal følgjarar av dei ulike sidene øker jevnt og trutt. Her er tallane for 31.01.2023 med tallane frå 01.01.2022 i parentes: Kvinesdal 839 (733), Fjotland 417 (375) og Feda 416 (355). Menighetssenteret har eigen side med 595 følgjarar (533). Fjotland kyrkje, Kvinesdal menighet og Ungdomskirken har alle instagram-kontoar.

Årsmelding for menighetsbladet Treklang 2022

Menighetsbladet TREKLANG, som er felles for menighetene i Kvinesdal, Feda og Fjotland, kom i 2022 som de foregående årene ut med fire nummer med hver 24 sider. Treklang ønsker å formidle informasjon om det som skjer i menighetene og sette fokus på positive ting fra vårt lokalmiljø. Vi ønsker også å løfte fram enkeltpersoner og tiltak som bygger felleskap. Gjennom Treklang har folk fortalt om sine liv og sin tro, eller valgt «min salme.» Redaksjonen setter pris på de innspill som kommer til stoff som ønskes i bladet. Bladet ble trykket i flerfarge-trykk hos Fuglseth Trykkeri i format 21 x 21 cm.

Redaksjonen har i 2022 har bestått av Åse Paulsen Skiftun, Torhild Meland og Per Øistein Rogstad. Dag Kvarstein tiltrådte redaksjonen fra sommeren. Preben Forgard Lindland har hatt ansvaret for å finne noen til å skrive «Min tro» og «Min salme».

I tillegg til redaksjonen inviteres personer i menighetene til å levere stoff til bladet.

Per Øistein Rogstad har ansvar for grafisk formgivning.

Regnskapet ble fra og med 2022 ført som en del av regnskapet til kirkelig fellesråd. Regnskapet 2022 (tall fra 2021 i parentes) viser et **overskudd på kr. 9.304 (24.256)**. Trykkekostnader har økt kraftig de siste årene i 2022 var de opp kr 100.236 mot kr.74.980 i 2021, mens porto var kr. 42664,5 (38.824).

Inntektene består av frivillige gaver til bladets drift kr. 106.180 (97.675), samt annonser kr. 45.200 (44.400). Etter vedtak i styret deles overskudd mellom Kvinesdal Menighetsråd (70%) Feda menighetsråd (15%) og Fjotland sokneråd (15%). Etter vedtak i Treklang sitt styre går overskuddet til å dekke menighetenes kostnader til diakonstillingen.

Etter mange gode år, er det nødvendig å ta grep for at bladet fortsatt skal kunne drives forsvarlig økonomisk. Fra og med 2023 vil bladet få nytt format og ny utforming for å redusere utgiftene. I første omgang vil giro bli stiftet inn i bladet i stedet for pakking i plast eller biofilm. Vi håper at det kan være med å gi bladet et langt liv.

Bladet er et viktig bidrag til informasjon om ting som skjer i menighetene. Tilbakemeldingene fra leserne tilsier at bladet blir lest grundig.

